

ÅRSMELDING 2020

Knarvik sokneråd



Godkjent av Knarvik sokneråd 24.03.21

1. INNLEIING

Etter om lag to månadar med normal aktivitet i Knarvik sokn i 2020 kom korona-pandemien. Det første året med nytt samanslått sokn blei annleis enn planlagt.

2. NY KOMMUNE OG NYTT FELLESRÅD

Samstundes med at Alver kommune blei etablert 1. januar 2020, blei også Alver kyrkjelege fellesråd etablert. Det er 5 sokneråd i det nye fellesrådsområdet, og dei sender kvar sin representant til Alver kyrkjelege fellesråd. I tillegg til dei folkevalde er det i fellesrådet ein kommunal representant og ein geistleg representant, som er prosten. Kyrkjevevja er dagleg leiar for fellesrådet og er rådet sin sekretær.

3. KNARVIK SOKNERÅD pr 31.12.20:

Tove Sneås Skauge	Leiar
Janicke Gruehagen Lyngøy	Nestleiar. Misjonskontakt. Repr. trusopplæringsutval.
Hege Kristin Brekke	Kontakt Kirkens Nødhjelp
Kåre Jordal	Representant i Stiftinga Alversund kyrkjelydshus
Ole Danbolt Hagesæther	Representant i Alver kyrkjelege fellesråd. Repr. Kirkens SOS.
Maria Fosse Romarheim	Representant i Husnemnda, vararepr. Fjon Fjellkyrkje
Laila Mehl	Kontakt Kirkens Nødhjelp
Kristine Myrene Bleikli	Kontakt Kirkens Nødhjelp
Jorunn Skaar	Medlem
Øystein Veland	Medlem
Geir Øy	Geistleg representant
Marie Therese Vabø	Varamedlem
Bente Natasja Zahl Røskeland	Varamedlem
Astrid Skaar Andersen	Varamedlem
Torbjørn Sæle	Vara for geistleg representant

Arbeidsutvalet, som består av leiar, nestleiar og sokneprest, har hatt møte eller kontakt i forkant av kvart soknerådsmøte.

Rannveig Furelid og Lars Edvard Olsen Hjelmtveit har flytta ut av soknet i løpet av året, og har dermed gått ut av rådet. Jorunn Skaar og Øystein Veland har difor fått fast plass i soknerådet. Marie Therese Vabø, som er 1. varamedlem, møter fast i soknerådet.

4. DEI TILSETTE MED TENESTE I KYRKJELYDEN PR. 31.12.20:

Synnøve Bjørndal	dagleg leiar og prostesekretær	80 % + 20 %
Odd Leif Mjøs	kantor	100 % stilling
Nina Jenny T. Monstad	trusopplærer	80 % stilling
Kristine Rykkje Hopland	kateket	80 % stilling
Torbjørn Sæle	spesialprest (barn, unge, unge familiar)	100 % stilling
Geir Øy	sokneprest	100 % stilling
Bjørn Furukawa	kyrkjetenar	100 % stilling

Magne Bjørndal er prostiprest/seniorprest i 50 % stilling. Han høyrer til staben i Knarvik kyrkje, og deltek aktivt i kyrkjelyden, samstundes som han gjer teneste i andre kyrkjer i prostiet.

Prost Helge Taranrød har kontorplass i Knarvik kyrkje.

5. STATISTIKK:

	2020	2019	2018	2017	2016	2015
Gudst. søn- og heilagdag:	95	89	91	96	96	89
Dåp:	59	71	57	84	73	88
Konfirmantar:	74	67	84	70	76	94
Vigsler:	14	15	17	16	8	15
Gravferder:	49	63	45	59	62	47

Gjennomsnittleg gudstenesteframmøte på søn- og heilag dagar:

2020	2019	2018	2017	2016	2015
64	124	124	127	128	126

Gjennomsnittleg nattverddeltaking på søn- og heilag dagar:

2020	2019	2018	2017	2016	2015
50	56	66	61	55	52

6. GUDSTENESTER

Lygra

Gudstenesteforordninga for Lygra kyrkje seier at det skal vere fem gudstenester i året. Tre av desse ligg til faste dagar eller hendingar: konfirmasjon, 17. mai og julaftan. Dette er godt besøkte gudstenester. I september brukar det å vere gudsteneste mellom anna med konfirmantpresentasjon og utdeling av «Mi kyrkjebok» til 4-åringane. Sidan konfirmasjonen blei utsett frå mai til september, gjekk gudstenesta med oppstart av nytt arbeidsår ut. Presentasjon av konfirmantane for konfirmantåret 20/21 fann stad i Seim kyrkje, samstundes med presentasjon av konfirmantar der. Lysmessa som brukar å vere på Lygra for konfirmantar frå Seim og Lygra, gjekk ut på grunn av koronaen.

I januar var det gudsteneste med 4 dåp og i november var det dåpsgudsteneste for eitt barn.

Seim

På Seim er det gudsteneste 2. sundagen i månaden. Dei ulike månadane har gudstenestene etterkvart fått sitt preg. Det er gudsteneste med konfirmant-deltaking i mars.

Konfirmasjonen i mai blei i år flytta til september. I juni er det friluftsgudsteneste i Bøkeskogen. Det er konfirmantjubileum i oktober. Dette året var det også konfirmantpresentasjon på den andre gudstenesta denne søndagen. I desember er det utdeling av «Mi kyrkjebok».

Seim kyrkjelyd har samarbeida med Israelsmisjonen om ei årleg gudsteneste.

Alversund

I Alversund kyrkje er det gudsteneste siste søndag i månaden. Som oftast er det dåp denne søndagen. Restriksjonane på grunn av koronaen har etterkvart gjort at det har vore ei dåpsgudsteneste for kvart dåpsbarn. For første gong på fleire år var det også gudsteneste på romjulssøndag.

Knarvik

Regelen er at det er gudsteneste i Knarvik kyrkje kvar sun- og heilagdag. Den siste søndagen i månaden er det kveldsgudsteneste i Knarvik kyrkje.

Det er tilbod om dåp i Knarvik dei sundagane det ikkje er gudsteneste i Alversund eller i Seim kyrkje. Det er då tilbod om dåp nesten kvar søndag i ei av dei tre kyrkjene.

NRK vel kvart år ut seks kyrkjelydar og sender fire gudstenester frå kvar av dei. I 2020 var Knarvik kyrkje ei av desse kyrkjene. 15. mars var første gudsteneste frå Knarvik. Dette var nær den einaste gudstenesta i landet denne søndagen, etter nedstenginga grunna koronapandemien tre dagar før. Med om lag 10 personar i kyrkjerommet blei det ei særmerkt gudsteneste, som fekk svært mange tilbakemeldingar frå lyttarar. 7. juni og 16. august vart det også overført gudstenester frå Knarvik kyrkje. Den fjerde gudstenesta 8. november blei avlyst på grunn av strengare smittevern. Av andre spesielle gudstenester var solidaritetsgudstenesta i samarbeid med Knarvikmila siste søndagen i august. Då var tidlegare handballspelar Cecilie Leganger gjest.

Gjennom året har gudstenestefeiringa sjølvsagt blitt mykje merka av restriksjonar knytt til pandemien. Det har vore høve til å samlast 200, 50, 10 og 0 personar til gudsteneste til ulike tider sidan mars.

Gode medhjelparar

Vi har mange gode gudstenestemedhjelparar i kyrkjene våre. Dette året har fleire av dei fått prøve seg på nye oppgåver: namnregistrering, vask av stolar og kyrkjebenkar og mange nye smittevernreglar som skal følgjast. Vi har stadig bruk for nye medarbeidarar.

Digitale tilbod

Til liks med mange andre kyrkjelydar blei digitale medier tatt mykje meir i bruk frå mars av. Allereie på palmesundag blei det sendt ei digital gudsteneste frå Knarvik kyrkje. Kyrkjelydane i Alver fordelte dei ulike dagane med gudstenester mellom seg på vårparten. Sidan blei det spelt inn digitale andaktar som blei sendt til Knarvik sjukeheim. Den norske kyrkja si Facebook-side sender «Ord for natta» tre gonger i veka. Ein slik serie blei også spelt inn i Knarvik kyrkje.

Revisjon av lokal gudstenesteordning

Kyrkjemøtet vedtok i 2019 endringar i gudstenesteordninga. Den største endringa er at talet på godkjende musikkseriar er redusert. Kvart sokn må lage ein lokal gudstenesteordning for sine hovudgudstenester.

Knarvik sokneråd sette ned ein komité for å arbeide med dette: Kristine Myrene Bleikli, Kåre Jordal, Ole D. Hagesæther, Odd Leif Mjøs og Geir Øy. Komitéen sitt forslag er handsama i

soknerådet, på stabsmøte og på soknemøte i september. Den nye gudstenesteordninga vart teke i bruk 1. søndag i adventstida.

7. MELDING OM ARBEIDET

Dei fleste av tiltaka nedanfor har hatt liten eller låg aktivitet etter midten av mars. Det er korte kommentarar til dei ulike faste tiltaka.

7.1. BØNNEGRUPPE

Måndagar frå kl. 1745 til 1830 er det bønnesamling i kapellet. Tre til seks personar deltar på desse samlingane. Grappa har ikkje samlast sidan mars, men har hatt nokre digitale samlingar.

7.2. TRUSOPPLÆRINGSTILTAK

Det er tilbod om babysong for 0-2 åringar måndagar i skuleåret i Knarvik kyrkje. Dette har vore 8 samlingar i løpet av 2020.

Trusopplæringsplanen seier at det skal vere ei breiddesamling for kvart årskull.

Desse breiddetiltaka er alt innarbeidde frå før:

- Samlinga for 6-åringar ved skulestart gjekk ut.
- To gonger i året blir 4-åringar inviterte til familiegudsteneste med utdeling av «Mi kyrkjebok». Dette tiltaket har vore aktivt. I vårsemesteret fekk 4-åringane i Alversund/Knarvik tilbod om å få «Mi kyrkjebok» levert på døra. 7 familiar tok imot tilbodet. I haustsemesteret var det utdeling av 4-årsbok i Knarvik kyrkje. I Seim var det eiga gudsteneste for 4-åringane i desember.
- Det var planlagt og sendt ut invitasjon til Tårnagent-samling for 8-åringar, men dette måtte avlyst.
- Arrangementet «Lys vaken» for 11-åringar gjekk ut.

2020 vart eit år der mykje vart avlyst, men det har også gitt rom for alternative tilbod. I mai blei det laga ein Kyrkje-quiz for store og små med oppgåveark på kvart av dei fire hjørna utanfor kvar av dei 4 kyrkjene i soknet. Det var same konkurransen utanfor alle kyrkjene, slik at ein kunne besøke si lokale kyrkje. «Etter Påske Podden» var ei podcast som blei laga i samarbeid med Wilco Vogelaar frå Radøy sokn. Det var sju sentrale fortellingar mellom påske og pinse. Det var barn som spelte alle rollene og det var kun ein vaksen som var fortellar.

Trusopplærar og konfirmantleiar arbeider med revisjon av trusopplæringsplanen for soknet.

7.3. KONFIRMANTARBEIDET

Konfirmantåret 19/20 blei mindre prega av pandemien enn kullet for inneverande skuleår. Fjorårets kull fekk med seg konfirmantleir i Sætervika før ting stengte ned.

Innsamlingsaksjonen til Kirkens Nødhjelp, som konfirmantane er aktive i, blei digital.

Konfirmantgudstenestene blei utsett til hausten, og det fall heldig ut. Då hausten kom, var det høve til å samle opptil 200 på gudstenester. Konfirmasjonane i Alversund blei lagt til Knarvik. På Seim blei det to gudstenester og på Lygra var det tilstrekkeleg med ei gudsteneste.

Oppstarten av nytt konfirmantkull blei utsett til etter haustferien. Etter konfirmantpresentasjon har det vore ei til to samver før nyttår. Sidan venta eit lengre opphald. Årsmeldinga for 2021 vil melde korleis resten av konfirmantåret laga seg.

7.4. SAMARBEID BARNEHAGE - SKULE – KYRKJE

Julevandring i kyrkja for barnehagane blei i år gjort om til besøk i barnehagane i soknet. Dei tilsette i barnehagane gav svært god tilbakemelding på dette tiltaket.

I staden for skulegudstenester før jul vart det invitert til undervisningsopplegg om kristen kultur og tradisjonar i advents- og juletida. Dette vart gjennomført for ein skuleklasse om gongen, ute og inne i kyrkjene. Tilbodet gjekk til 4.-7. klasse. Alversund og Seim skule takka ja til tilbodet.

7.5. ANDRE TILBOD TIL BORN OG UNGE

I haustsemesteret starta **Juniorgruppa** opp igjen, og hadde samling på enkelte gudstenester. Søndagsskule for dei minste borna har ikkje latt seg gjennomføre. Det er laga til leikekassar som dei minste kan låne på dei fleste gudstenestene.

KFUK/M-speidarane i Alversund har base på kyrkjelydshuset og har hatt aktivitet gjennom heile året.

Ungdomslørdag har vore avlyst frå mars.

Det er 7 ungdommar som har gjennomført **leirartreningskurset «MILK»**. Det var leir for desse i samarbeid med NMSU i januar.

7.6. KOR-ARBEID

Barnekoret for dei eldste barna i Alversund, SingOut, har hatt samlingar eller øvingar det meste av året. Dei to kora for dei yngre aldersgruppene, Solstrålen og SingSingeling, har ikkje har øvingar sidan midten av mars.

Knøttekoret i Knarvik hadde ikkje øvingar etter at pandemien braut ut. For å halde kontakt med barna, vart det lagt ut video på Facebook og det var sommaravslutning ute i kyrkjetrappa.

Dei to andre kora hadde svært avgrensa aktivitet. Knarvik Gospel hadde konsert saman med Solveig Leithaug i september. Alversund kammerkor arrangerte «Syng med – for trøyst og håp» i oktober.

7.7. KONSERTAR/KULTUR

11. mars, rett før vi måtte avlyse alt, vart det arrangert temakveld med Einar Øverenget med overskrifta «Kva er eigentleg det gode livet?» Dette var eit samarbeid med Huskirken Nordhordland.

I juni var det sommarkonsert i Lygra kyrkje med Kjersti Møllerup Wiik og Frode Skag Storheim. Kyrkjelydsutvalet ønskjer å skipe til ein slik konsert kvart år på forsommaren.

Kystpilegrimsseglass med Sunnivaskrinet: 28. august til 5. september 2020 var det arrangert seglass med historiske farkostar langs Kystpilegrimsleia for å markera at det var 850 år sidan flyttinga av Sta. Sunniva sine leivningar frå Selja til Bergen. Torsdag 3. september kom Jekta «Den God Hensigt» til Lygra og la til ved Meierikaien i Lygravågen. Sunnivaskrinet vart teke på land og sto i Lygra kyrkje over natta. På grunn av dårleg vert, vart den planlagte utegudstenesta flytta inn i kyrkja.

Tre store robåtar blei brukt i undervisning for elevar i samband med at selgasen vitja Lygra. Dagen etter blei desse båtane rodd frå Lygra til Hamre, som var neste stoppestad for seglasen. 15 menn frå Meland, Knarvik og Osterfjorden sokn rodde i 5 effektive timar. Ein av båtane er ein langt over 100 år gamal kyrkjebåt frå Hardanger. Dei to andre båtane er nye. Båtane høyrer til ei ro- og seglgruppe i idrettslaget Kvernbit i Meland.

7.8. KOM INNOM

Det er «Kom innom» ein gong i månaden med vaflar og kaffi; ein uformell møteplass på kyrkjeterget. Det har ikkje vore «Kom innom» sidan mars.

7.9. STRIKKEKAFÉ

Etter initiativ frå nokre strikkeglade damer, vart det starta strikkekafé i Knarvik kyrkje i oktober. Det er tenkt at det skal vere samlingar annankvar onsdag.

7.10. KYRKJEKLUBBEN

«Kyrkjeklubben», som er for menneske med utviklingshemming, har samling første måndag i månaden. Tiltaket er eit samarbeid mellom Osterfjorden sokneråd og Alversund sokneråd. Det har vore 6 samlingar dette året.

7.11. KAFFIKOS

Eldretreffet «Kaffikos» i Alversund kyrkjelydshus har ikkje hatt samlingar sidan mars.

7.12. HUSGRUPPER

Det er fire bibelgrupper eller husgrupper i kyrkjelyden. Tre grupper samlast i heimane og ei gruppe i Alversund kyrkjelydshus. To grupper består av unge vaksne frå Meland og Knarvik og er eit samarbeid med Meland kyrkjelyd.

7.13. MISJONSPROSJEKT

Kyrkjelyden i Seim har avtale med Det Norske Misjonsselskap (NMS) om å støtte eit misjonsprosjekt i Etiopia. Kyrkjelyden i Alversund/Knarvik støttar eit NMS-prosjekt i Estland.

7.14. ALVERSUND KYRKJELYDSHUS

For soknerådet er det viktig framleis å ha merksemd retta mot Kyrkjelydshuset i Alversund. Bygget er å sjå som «arbeidskyrkja» i den delen av soknet der eit fleirtal av befolkninga bur. Kyrkjeringen sitt arbeid er her av stor verdi. Den årlege basaren i februar samlar fullt hus og gjev eit godt bidrag til drifta. Soknerådet er representert i Stiftinga Alversund kyrkjelydshus, og ser positivt på at økonomien i Kyrkjelydshuset er god.

7.15. SAMARBEID MED KYRKJELYDAR OG ORGANISASJONAR

Den 16. februar var det felleskyrkjeleg gudsteneste i Knarvik kyrkje. Det var eit stort barneopplegg i kyrkjekjellaren parallelt med gudstenesta. Fleire kyrkjelydar og forsamlingar går saman om arrangementet.

På olsok-kvelden vart det ikkje felles gudsteneste for kyrkjelydane i prostiet på Fjon Fjellkyrkje slik det brukar å vere.

7.16. FACEBOOK OG HEIMESIDE

Facebooksida «Knarvik kyrkje» har rundt 1000 følgjarar og får god respons på innlegg om gudstenester, trusopplæringstiltak, konsertar m.m. Seim kyrkje , Lygra kyrkje og fleire av aktivitetane i soknet er også på Facebook.

Nettsida for Knarvik sokn har adressa www.kyrkja.no/knarvik.

8. UTVAL, NEMDER OG ANNA VERKSEMD I KYRKJELYDEN

8.1. HUSNEMND KNARVIK KYRKJE

Soknerådet har sett ned ei husnemnd som tar føre seg praktiske spørsmål knytta til Knarvik kyrkje.

Det viktigaste tiltaket har vore oppgradering av lydanlegget i kyrkja frå å vere eit taleanlegg til eit tale- og musikkanlegg. Ei eiga gruppa har arbeidd med dette. Ei anna aktuell sak har vore å utbetre og utvide lagerplassen i kyrkja.

8.2. KYRKJELYDSUTVAL

Det er oppretta kyrkjelydsutval i Alversund, Seim og Lygra. I Seim og Lygra har utvalet mellom anna ansvar for å finne medhjelparar til gudstenestene og føreslå offerføremål. I Knarvik er det oppretta ein praktisk komité og ein arrangementskomité som får ansvar for aktivitetar og einskilde arrangement. Arrangementskomitéen har invitert til to bibeltimar i 2020 og har planar for bibeltimar, temakveldar og andre arrangement.

8.3. «ROSEPROSJEKTET»

Jubilantar får helsing frå kyrkjelyden frå dei fyller 80 år og kvart femte år etter det. I Lygra er det blomehelsing også til 75-åringane.

8.4. KYRKJEKONTAKTEN

Kyrkjelydsbladet kom ut med fire nummer. Inntektene er frivillige gåver og annonsar. Bladet gjekk med eit overskot i 2020. Det står kr 103.000 på fond til å gje ut bladet.

9. ØKONOMI / UTLEIGE I KNARVIK KYRKJE OG KYRKJEKJELLAREN

Den verksemda soknerådet har ansvar for, baserer seg på innsamla midlar, i hovudsak kyrkjeoffer og fast gjevarteneste. Det var 26 faste gjevarar pr. 31.12. Desse bidrog med Kr. 185.300.

Rekneskapan for 2020 blir lagt fram på årsmøtet. Driftsrekneskapan viser eit overskott på Kr. 129.689.

Når ein tilskipar leiger Knarvik kyrkje til konsertar eller andre arrangement, kostar det 15 % av billettinntektene med kr 3 000 som eit minimumsbeløp. Det blei arrangert 9 konsertar i Knarvik kyrkje i 2020. I 2019 var det 32 konsertar. Leigeinntekter frå andre kyrkjer i Alver kyrkjelege fellesråd tilfell fellesrådet. I Knarvik kyrkje tilfell desse inntektene fondet som dekker lån og avdrag i Kyrkjekjellaren. Kyrkjekjellaren blir leigd ut til familiehendingar og ulik møteverksemd. Fellesrådet betalar kr. 150 000 i årleg leige for kyrkjekontora.

Alver kommune løyvde eit ekstra tilskott til Alver kyrkjelege fellesråd grunna koronapandemien. Av dette tilfall kr 100 000 fondet for Kyrkjekjellaren. Renta har vore svært låg det siste året, og rentekostnaden blei redusert frå om lag kr. 150 000 til om lag kr. 75 000.

Inntektene frå konsertar og utleige og ekstra tilskott dekkar utgifter til renter og avdrag i 2020. I tillegg er Fond renter/avdrag Knarvik kyrkje tilført kr. 41.833. Fondet er no på Kr. 91.575.

	2020	2019
Avdrag/renter på lån	Kr. 341 647	Kr. 425 564
Konsertar	Kr. 60 219	Kr. 139 249
Leige av kyrkjekontor	Kr. 150 000	Kr. 150 000
Leigeinntekter i kyrkjekjellaren	Kr. 73 260	Kr. 136 315
Ekstra tilskott frå kommune	Kr. 100 000	

Soknerådet ser det som verdifullt at kyrkja blir brukt til ulike typar arrangement og samkomer. Det gir eit flott kulturtilbod i kyrkja, og mange frå soknet og bygdene rundt søker til kyrkja.

FOND FOR KYRKJENE

Gåver, takkoffer, gjevarteneste og tilskot til Knarvik kyrkje på ca. kr. 101.026 er overført til fond for Knarvik kyrkje.

På fond for Alversund kyrkje står det kr. 59.500.

Midlar frå dei tidlegare sokneråda er øyremerkt tiltak i Seim og Lygra.

10. STRATEGIPLAN

Soknerådet og staben har hatt strategi og visjon for arbeidet som tema på fleire møte i 2020. Strategiplanen vart vedteke på soknerådsmøtet 27.01.2021.

Strategiplan for Knarvik sokn

Visjon:

Kyrkja vår – ei bru mellom folk og tru.

Målsetting:

Vi ønskjer ei kyrkje

- der trua på Gud kan vekse
- med gode møteplassar der alle kan kjenne seg velkomne
- med eit variert kulturtilbod

Tiltak:

I perioden 2020-2023 ønskjer vi å prioritere:

- Fleire familiegudstenester i Knarvik kyrkje, 10 i året.
- Kyrkjekaffi etter dei fleste gudstenestene
- Søndagsskule/Juniorgruppe i Knarvik ein gong pr. måned
- Leikerom/-krok, leikekasse
- Etablere tilbod for tweens
- Etablere minst eit tilbod for ungdom i løpet av perioden
- Etablere onsdagsmiddagar i Alversund og Knarvik – med trusopplæringstiltak
- Etablere kyrkjelydsutval, arrangementskomité og praktisk komité
- Arrangere bibeltimar/temakvelder for vaksne 2-3 gonger pr. semester
- Rekruttere frivillige medarbeidarar, serleg til gudsteneste og barne- og ungdomsarbeid
- Samling/kurs for frivillige medarbeidarar på gudstenester våren 2021

Oppfølging:

Soknerådet har strategiplanen på saklista ein gong pr. år og gjer opp status.

Soknerådet oppmodar staben om å la planen vere tema på eit stabsmøte i starten av kvart semester.

11. SLUTTORD

2020 blei prega av pandemien. Mange har sakna fellesskapet ein opplever ved å møte andre i kyrkjene våre. Når neste årsmelding skal skrivast, er det grunn til rekne med at pandemien ligg bak oss. Då er det vårt håp at kyrkjelydane våre kan ta opp igjen aktivitet som har lege nede, og at nokre nye gode møteplassar kan vekse fram. Det er vårt ønskje og vår bøn at Knarvik sokn får vere «Ei bru mellom folk og tru».

KNARVIK SOKNERÅD TAKKAR ALLE SOM PÅ ULIKE MÅTAR STØTTAR
OPP OM ARBEIDET I KYRKJELYDANE!
MÅ HERRENS VELSIGNING FØLGJE DYKK I TENESTA.